

Lars Holdhus: *Gasta greie. Ord og uttrykk frå Fusa*. Med bidrag av *Ella Marie Brekke Vangsnes* og *Gunnstein Akselberg*. Fusa: John Grieg Forlag, 2016. Illustrert av Anja Tveiterås. 216 sider. ISBN 978-82-533-0348-2.

Eg har ei vakker bok liggjande framfor meg på skrivebordet, såpass vakker at eg er svært velvillig stemt når eg no skal skrive ei melding av boka. På omslaget er det eit forseggjort svart-kvittbilde av ei “grepa kåna” og ein “gasta kar” i tidleg 1950-talskostyme framfor ein gulkolorert Ford i eit vestlandslandskap. For dette er ikkje ei sjaskete og halvhjarta utgiving av ei liste med rare og uforståelege lokale ord og uttrykk som har gått ut av tida for fleire generasjonar sidan, det er ei bok som tydeleg er laga med kjærleik. Utgivarane har eit skikkeleg forlag i ryggen, layouten er lekker, boka er gjennomillustrert av bildekunstnar Anja Tveiterås, og den er full av muntre teksteksempel og like muntre anekdotar. Den ber i det heile preg av å vere eit kjærleiksbarn og eit overskotsprodukt.

Den viktigaste grunnen til at eg skal seie litt meir om boka, er at eg har ein viss bakgrunn for å uttale meg, med nokre års oppvekst i Fusa kommune. Altså bør eg i prinsippet kjenne til noko av dette ordtilfanget.

No er dette med “ord og uttrykk frå Fusa” ei viss tilsniking og nærmast eit publikumsfrieri frå utgivarane si side. Boka byggjer på eit originalmanus av “ordsamlaren og mangesyslaren” Lars Holdhus (1917–2000), og dei orda han samla, henta han frå sin heimkommune Hålandsdalen (i dag mest kjend for å vere heimstaden til skiskyttaren Liv Grete Skjelbreid), som rett nok var ein del av Fusa prestegjeld, men som først blei ein del av Fusa kommune (saman med min heimkommune Strandvik) 1. januar 1964. (Så dette med samanslåing av kommunar er noko vi som har levd ei stund, har opplevd før!) Og som vi veit, kan både ord og uttrykk og dialekt variere kraftig frå ein del av ein kommune til ein annan, ja frå bygd til bygd innanfor same kommune. (Eg heldt på å seie: Frå grend til grend innanfor same bygd, men no skal eg ikkje ta munnen altfor full.) Så det som var gjengs vokabular i Hålandsdalen i tidlegare tider, er ikkje nødvendigvis heilt identisk med det som kom ut av kjeften på strandvikingane. Utan at dei dermed hadde store problem med å forstå kvarandre. Men la oss no sjå stort på det: Ein har dekning for å kalle det “ord og uttrykk frå Fusa”.

I tillegg til ei ordliste (med forklaringar) på nærmare 200 sider med illustrasjonar og muntre historier, inneheld boka også eit portrett av heidersmannen Lars Holdhus, skrive av Ella Marie Brekke Vangsnes,

og eit etterord av TV-professor Gunnstein Akselberg. Her har ein altså ikkje spart på noko.

Det ligg gjerne ein slags melankolsk dâm over denne typen bøker. Det underliggjande er det sympatiske ønsket om at desse orda må ein ta vare på (ein har altså ein mistanke om at dei alt held på å bli gløymd), det er fine og dekkande ord, dei seier noko om identiteten vår, dei er ofte morosame og frekke. Og ikkje berre det: Dei må helst komme inn i språket igjen, dei må brukast! Eller som Akselberg formulerer det: “Det er viktig at vi tek vare på orda våre. Både av di dei fortel noko om oss i dag, om fortida vår, om kulturen vår, om verdiane og normene våre, om måtane våre å kommunisere på, og – ikkje minst – om identiteten vår og om oss sjølv. Dei lokale orda er ein felles ressurs til bruk for alle som høyrer til eit lokalt språksamfunn og til bruk for den einskilde medlemen av språksamfunnet. Eit rikt, variert og stort lokalt ordtilfang er eit nyttig og språkleg verktøy til bruk i mange praktiske og intellektuelle samanhengar, og som gjer oss i stand til å uttrykkja oss smidig, presist og nyansert.”

Gode og sanne ord, dette, men sanninga er også at ord som er meir eller mindre ute av språket, dei vil så godt som aldri komme inn att, iallfall ikkje i dagleg bruk. Og det gjeld ikkje berre ord og uttrykk som dekker gjeremål og praksisar som ikkje er så vanlege lenger, særleg innanfor handverk, gardsdrift og fiske. Dei, og mange andre, er blitt museums-gjenstandar.

Men når ein no går gjennom denne lista på ein del tusen ord og uttrykk, så er det sjølv sagt ikkje alt som er like framandt, men som er i dagleg bruk over heile landet, som står i alle ordbøker, og som ein rett og slett lurar på kvifor er tatt med. Hadde Lars Holdhus ein mistanke om at også desse ein dag stod i fare for å forsvinne? *Advent, alen, andsføtes, ange, attergløyma, att-laten, augnefeste, av garde, avlagd, babbel, bakvendt, bal, bardus, basketak, be-dyra, beit, belemra, best som det var, betutta, beundra, bitte litt, bragd, brålebarn, bråte, byting, daffa, daska, dreis, fantestykke, farskap, fiseformem, flust, flyfille, forgjeves, forkjært, forsøk, fundera, futteral, fysak, fånyttes, gangsperr, giddalaus.* Alt saman ord og uttrykk som Hålandsdalen ikkje kan skryte av å ha funne opp. Og enno har vi berre så vidt begynt på bokstaven G!

Men dette er småtteri og skjønneheitsfeil, om det då kan kallast feil i det heile tatt. Særleg når ein har sjansen til å reintrodusere ordet **faggarefis** m: ‘gjerdesmett; lokalt: fuglekonge’. Eller den overraskande definisjonen på **fyllesykje** f. (*fydlesykja*): ‘svært smittsam omgangssykje, beig, farang, magesjau’.

Og eg har iallfall funne eitt ord som eg kjem til å bruke for alt det er verdt frå no av: **gnåleviser** f. flt.: ‘popviser som for tida “er i vinden”.

Og eg blei heldigvis mint på eit uttrykk som var i vanleg bruk i min barndom, men som eg hadde gløymt: **tær** n. 1) i uttrykket **ikkje tæret**: ‘ikkje det grann, ikkje slèto, ikkje naders grann. “*Han fekk kjæ tæræ.*” “*Eg har kjæ tæræ mjøl igjen.*” “*Eg har kjæ tæræ greia på da.*” 2) i uttrykket **tæret berso**: ‘nett så vidt’. “*Da va tære berso da jekk, da.*”

Men same kva eg seier, er eg redd for at denne boka, til liks med andre og meir sjaskete bøker i same sjanger, først og fremst er ei bok for språknerdar, og for nolevande, halvdaude og utflytte fusingar. Dessverre. Hadde det vore opp til meg, hadde dei fleste av desse orda vore innlemma i det norske språket på ny. No er det ikkje opp til meg, så det beste eg kan gjere, er å avslutte med eit par snuttar:

Ola: “Nei no lygæ du!”

Per: “Nei dæ heilt sant, trur du æg lygæ, kansjæ?”

Ola: “Du lygæ jau, snakka du sant, so æ da no i vanvara.”

“Dæ kjæ naturlæ mæ vatn på kroppen.”

(Sagt av ein som ikkje likte å vaska seg.)

Og så var det Adno i Dalen, då:

Adno i Dalen kom til naboane midt på natta og sa:

“Ja, no æ man’n min tutla, han. Han åt sett fudla målti mæ komlæ før han la sæg. Å i natt haurdæ æg han sukka so tongt, å då æg såg ettæ, va han ikkje meir.”

“Du må kåbma idn, so ska da no verta ei rå mæ senjaplass åt dæg.” “Å nei”, svara Adno, “æg går opp att å læggje mæg mæ han æg. Han har no alder jort mæg nõkæ ilt, so jæræ han da ikkje no hældæ.”

(Dei hadde berre ei seng.)

God lesnad, de tutlepavar der ute!

Ragnar Hovland

Konglev. 57 A

NO-0860 Oslo

ragnarhovland@hotmail.com